



VINJE KOMMUNE

Vinjevegen 192

3890 VINJE

Saksbehandlar, innvalstelefon

Lene Ottersen, 33 37 11 91

Fråsegn - høyring - reguleringsplan - Vinje 160/12 - 160/2 - del av 160/10 - detaljregulering for Tangen - planID 20220002

Vi viser til oversending frå Vinje kommune datert 29.11.2024 og oversending av 18.06.2025 med justert plankart og føresegner i høve til flaum. Vi viser òg til regionalt planforum 23.08.2023 og dialogmøte med kommunen 26.04.2024. Statsforvaltaren har fått utsett frist til 20.06.2025.

Saka gjeld

Saka gjeld høyring og offentlig ettersyn av forslag til reguleringsplan for Tangen, Møsstrond i Vinje kommune. PlanID 20220002.

Føremålet med planarbeidet er å utvikle området ved Møsstrond. Planframlegget legg til rette for stadbunden næring og eit berekraftig grunnlag for fast busetjing på Møsstrond, samt oppfylle kommunens ansvar som ein del av område i verdsarven. Møsvatn er Vinjes del av Rjukan-Notodden Industriarv som er innskriven i Unescos verdsarvliste.

Tilhøvet til kommuneplanens arealdel er i samsvar då området er sett av som LNF spreidd bustad- og yrkesbygging - SBY3.

Rolla til fagavdelingane til Statsforvaltaren

Statsforvaltaren sine fagavdelingar skal med heimel i plan- og bygningslova § 3-2 sjå til at planar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse, barn og unge sine interesser og gravplassar.

For orden si skuld minner vi om at det er justis- og verjemålsavdelinga hos Statsforvaltaren som handsamar eventuelle klagar på kommunen sitt vedtak.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen er vidareført inntil vidare med nye Telemark fylkeskommune. Avtalen inneber at fylkeskommunen tar vare på interessene til barn og unge i reguleringsplanar også på vegner av Statsforvaltaren. Statsforvaltaren viser til vurderinga frå fylkeskommunen av interessene til barn og unge i fråsegn til planvarsel og planforslag. Avtalen



avgrensar ikkje Statsforvaltaren sitt høve til å fremje motsegn til planforslag som er i strid med vedtatt nasjonale eller regionale mål, rammer og retningslinjer knytt til interessene til barn og unge.

Vurderingar frå fagavdelingane til Statsforvaltaren

Villrein

Vi viser til vår fråsegn til varsel om oppstart av 15.05.2023 og til regionalt planforum 23.08.2023. Det har òg vore dialog mellom Statsforvaltaren og kommunen etter regionalt planforum. Vi viser her til e-postar frå Vinje kommune av 21.03.2024 og 17.04.2024, og dessutan dialogmøte med kommunen 26.04.2024 kvar vi fekk presentert førebels plankart og føresegn.

Villrein har vore eit sentralt tema i saka da Tangen Møsstrand ligg mellom villreinområda Hardangervidda og Brattefjell-Vindeggen. Opphavleg varsla planområde ramma òg ei viktig trekkroute for utveksling av villrein mellom Hardangervidda og Brattefjell-Vindeggen.

Sidan regionalt planforum er det utarbeidd ei konsekvensvurdering av planarbeidet for villrein, etter metodikk frå Miljødirektoratets rettleiar M-1941, Faun rapport R01-2024 Vurdering av konsekvens for villrein på Tangen, 02.02.2024. Det er positivt at planområdet er avgrensa etter varsel om oppstart og tiltaka er samla for å ta omsyn til trekkområde for villrein og imøtekome avbøtande tiltak i villreinrapporten. Likevel ser vi at fleire av tiltaka kan leggje til rette for meir ferdsel og turisme som kan ha negativ påverking på villrein.

Sidan vår fråsegn til varsel om oppstart har det kome endå fleire og tydelege føringar og signal på kor viktig det er å ta omsyn til villreinen. I *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027* heiter det i regjeringa si forventning nr. 58 at «villreinens leveområder sikres, og vedtatte regionale planer for villreinfjella oppdateres i samsvar med ny kunnskap og følges opp i den kommunale planleggingen». I ny stortingsmelding Meld. St. 18 (2023-2024) *Ein forbetra tilstand for villrein* legg regjeringa opp til «ein høg terskel for nye inngrep i villreinområda», og seier det er «nødvendig med ei heilskapleg og restriktiv arealforvaltning i villreinfjellet». Det er eit mål i stortingsmeldinga å stoppe den negative utviklinga i villreinområda innan 2030, og på lengre sikt å nå kvalitetsmåla i kvalitetsnorma. Vi viser dessutan òg til arbeidet med tiltaksplanane. I kvalitetsnorma for villrein er Hardangervidda og Brattefjell-Vindeggen blant områda som er vurderte til å ha dårleg kvalitet. Vi viser òg til nye *Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet* der det følgjer av punkt 3.8 at «Arealplanleggingen skal bidra til å nå målet om en helhetlig og restriktiv arealforvaltning i villreinfjellet».

Vi legg vekt på kommunens mål om å leggje til rette for stadbunden næring og eit berekraftig grunnlag for fast busetjing på Møsstrand. Vi har difor ikkje merknader til tiltak for fastbuande som renovasjon, beredskapsrom, fellestunet på Tangen, nærbutikk, garasjeanlegg, verkstad.

Ut frå villreinomsyn er det ønskjeleg med minst mogleg tiltak og tilrettelegging som kan auke turisme og ferdsel inn mot nasjonalt villreinområde. Vi er difor negative til at det leggjast opp til utleiehytter, og at det er ikkje lagt inn noko tal på desse i føresegnene. Vi legg til grunn at planen ikkje opnar for meir enn 3 utleiehytter i tråd med illustrasjonsplanen, og vi rår til at det blir spesifisert i føresegnene.

Når det gjeld utviding av småbåthamna er denne lagt inn i plankart og føresegn, men det er framleis uklart kva dette vil innebere, då det i føresegnene berre står at småbåthamna må detaljprosjekterast. Det er ikkje sett noko vidare avgrensing eller angitt kor stor utviding og behovet er. Det må unngåast å leggje til rette for auka båttrafikk og ferdsel inn mot villreinområda. Vi rår



kommunen om å avgrense utviding av småbåthamna til i hovudsak å kunne dekkje båt plass til fastbuande. Vi føreset òg at nytt garasjeanlegg ved småbåthamna heller ikkje legg opp til auka snøskuterutleige.

Når det gjeld bubilparkering kan vi ikkje sjå at dette er teke inn i føresegnene, og legg til grunn at dette er teke ut.

Naturmangfald - myr

Det er positivt at myra er sikra med omsynssone Bevaring naturmiljø (H560). Vi rår òg til at plankart blir oppdatert med rett omsynssone. Vi ser at den foreslåtte turvegen frå småbåthamna til utleiehyttene vil gå gjennom myra. Det er sett inn i føresegnene at «Turvegen skal kloppast i fuktige parti som våtmark/myr og ved kryssing av bekk skal det kryssast med enkel brukonstruksjon eller likande». Vi rår likevel til at turvegen laggast utanom myr for å sikre at den økologiske funksjonen til myra ikkje blir negativt påverka.

Vassdrag

Møsvatn er i Vann-nett registrert med moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand. Vi minner om *vassforskrifta §§ 4-7* og miljømåla i *Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestfold og Telemark*. Det må unngåast at tiltak innanfor planområdet, inkludert anleggsarbeid, har negativ påverknad på tilstanden i vassførekomsten. I dette ligg òg gode VA-løysingar, noko som må sikrast av kommunen. Vi viser her til at det må takast omsyn til bekken som renn gjennom området for utleiehytter, og at denne blir bevart og sikrast i føresegnene.

Samfunnstryggleik - flaum

Planområdet ligg ved Møsvatn og NVE Aktsemdkart for flaum. Vi viser til fråsegn frå NVE av 18.06.2025 om flaum, og stiller oss bak denne.

Støy

Vi viser til *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442/2021) som må laggast til grunn i planarbeidet, inkludert anleggsfasen. Dette må sikrast i føresegnene.

Med helsing

Grethe Helgås (e.f.)
direktør

Lene Ottersen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 2844
Postboks 5091
Majorstua
Postboks 1010
Nordre Ål

3702 SKIEN
0301 OSLO

2605 LILLEHAMMER

Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet
Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og
Norefjell-Reinsjøfjell

